



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Driftsoperatør tekniske anlegg - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Ved avdeling for Eigedom, anlegg og beredskap er det ledig fast stilling som drifts- og vedlikehaldsarbeidar - vi søker person med bakgrunn som elektrikar eller rørleggar. Arbeidet er i hovudsak knytt til drift og vedlikehald av kommunen sine vass- og avlaupsanlegg.

### Arbeidsplass

Avdelinga omfattar om lag 25 tilsette, der 9 medarbeidarar har oppgåver knytt til drift- og vedlikehald av kommunale vatn- og avlaupsanlegg, veger, kaiar, plassar, grøntanlegg og kyrkjegard. Basen ligg på Melandskaret.

Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, m.a. med drifts- og vedlikehaldspersonalet knytt til kommunale bygningar og bustader.

### Arbeidsoppgåver

Arbeidet omfattar i hovudsak drift og vedlikehald av det kommunale vatn- og avlaupsnettet, medrekna vassinntak, reinseanlegg, pumpestasjonar og høgdebasseng. Kommunen har eit relativt godt utbygd leidningsnett, samstundes som fleire nyanlegg står for tur. Anlegga held relativt høg kvalitet. Kommunen har som mål å sikre innbyggjarane ei trygg og stabil vassforsyning, og drifte avlaupsanlegga så godt at ein hindrar ureining og andre ulemper for innbyggjarane. Driftsovervakingssystem og gode kontrollrutinar er med på å oppnå dette.

Arbeidet kan også omfatte oppåver på skulane eller andre kommunale bygg / bustader når det er nødvendig, eller deltaking i vegvedlikehald m.m. Oppsynsmann har ansvar for å fordele arbeid og oppgåver på den mest optimale måten, avdelinga sett under eitt.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har fagbrev som elektrikar / rørleggar. Anna bakgrunn i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Har relevant fagbrev som elektrikar eller rørleggar
- Har førarkort klasse 2
- Har positiv tilnærming til arbeidsoppgåvene
- Arbeider effektivt
- Likar å samarbeide internt og med andre fagområde
- Trives med kontakt med innbyggjarane
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Legg vekt på god service
- Er lojal

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning og fleksibel arbeidstid.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 08.04.2018

Utlyst dato 21.03.2018

Vårref

26/18

### Kontaktperson

Paal Tønning, Leiar Teknisk drift og vedlikehald, mobil: 93212692, paal.tonning@meland.kommune.no